



## REGIONUTVALG SAUEAVL VEST

### Referat frå møte 2. og 3. februar 2012 på Clarion Hotell Bergen Airport.

Desse møtte: Rolf Arne Torgersen, Per Johan Lyse, Tore Atle Sørheim, Audun Nedrebø, Johannes Nedrebø og Kjell Steinar Løland. Thor Blichfeldt møtte i sak 9/2012, 3. februar.

Rune Osland og Berit Pettersen hadde meldt forfall.

#### SAKLISTE:

1 /2012 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det er ynskeleg at heile saklista blir utsendt tidlegare for seinare møter.

Vedtak: Sakliste og innkalling godkjent.

2 /2012 Referatet frå møte i Regonutvalg på Sola, 14. juni.

Referat frå møte er tidlegare utsendt, det blei og gjennomgått på møte.

Vedtak: Referatet godkjent.

3 /2012 Årsmelding for 2011.

Årsmeldinga viser at sauebøndene i regionen er flinke til å få fram gode avlsdyr. Det må vera eit mål at forskjellen i avlsverdi mellom flokkar/vereringar må bli mindre, dette vil bidra til betre kvalitet ved salg av verer/kåra verlam til bruksbesetningane.

Vedtak:

Årsmeldinga godkjent.

#### 4 /2012 Reknekap 2011 Region saueavl vest

Inntekter	2010	2011
Tilskot frå LMD	177000	177000
Tilleggsløyving		20000
Tilskot frå OMS. Råd Sau	353000	353000
Sum inntekter	530000	550000

Varekostnader/utgifter

Avdeling 322- Sau Region vest

Samandrag av rekneskap:

	2010	2011
Tilskot til avlsarbeid i fylka	136000	107500
Lønnskostnad:		
Godtgjersle styre	14000	15500
Arbeidsgivaravgift	2080	3169
Interne personalkostnader	226860	259291
Sum lønnskostnader	242940	277960
Driftskostnader styre	22709	12546
Møter, kurs	53972	6733
Driftskostnader ansatt	73384	166729

---

Sum andre kostnader	150065	186008
---------------------	--------	--------

---

Sum driftskostnader	529506	571468
---------------------	--------	--------

Driftsresultat	- 494	+21468
----------------	-------	--------

Rekneskapet for 2011 viser eit underskot på kr. 21468, dette må dekkast inn på budsjett for 2012.

Vedtak: Det må lagast til Regionrekneskap for kvart kvartal, slik at ein får betre oversikt over bruken av budsjett.

Framlagt rekneskap godkjent.

## 5 /2012 Budsjett 2012

I forslag til budsjett var tilskot til fylka redusert til kr. 50000. Det var føreslått at regionen dekker kursholdar og mat/lokale på dommarsamling, dette var oppført med kr. 30000.

Regionkonsulent får redusert reisebudsjett. Det blir lagt opp til mindre reiseaktivitet, slik at det dette året blir meir kontakt med telefon og mail. Vereringar som er i nedre del av ringanalyse vil bli prioritert.

Slik det ser ut i dag blir det lite igjen til overføring til fylka for 2013. Dersom ein vil at regionkonsulent skal ha større reiseaktivitet og treffe medlemmer i vereringar på ringmøter og setja av midler til møteaktivitet med avlssjefen, må ein rekne med reduserte overføringar til fylka.

	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Budsjett 2012
Tilskot LMD	177000	197000	177000
Tilskot Oms.råd sau	353000	353000	353000
Sum inntekter	530000	550000	530000
Kostnader:			
Fylka	107500	107500	80000
Lønnskostnad	290000	277960	288500
Møte,kurs	20000	18172	40000
Driftskostnad utvalg		12546	

Driftskostnad regkon.	100000	155290	100000
	12500		
<hr/>	<hr/>	<hr/>	<hr/>
Sum kostnader	530000	571468	508532

Vedtak: Overføring til fylka auka frå kr. 50.000 til kr. 80.000, ved at midler til dommaropplæring blir teke ut. Dette må som tidlegare dekkast av kvart enkelt fylke/avlsutvalg.

Fordeling mellom fylka blir:	Vest-Agder	kr. 9000
	Rogaland	kr. 23666
	Hordaland	kr. 23666
	Sogn og Fjordane	kr. 23666

Elles blei framlagd budsjett godkjent slik det er lagt fram.

## 6 /2012 Handlingsplan for 2012

Handlingsplanen må ta utgangspunkt i budsjettet. Det er mindre midler til reisekostnader, dette gjer at det blir viktig å planleggja reiseaktivitet og meir av kontakt med vereringane vil bli mail og telefon.

Vedtak:

Informere om kåringsreglane og leggja til rette for lik dømning på kåringsssjå. Det er derfor lagt opp til at alle kåringsdommarane får delta på kåringskurs haust 2012.

Samling for kåringsansvarlege for å få lik praktisering/forståelse av den praktiske kåringa, arbeida mot eit felles mål.

Møteserie med Thor Blichfeldt i alle fylke i januar/februar 2013, gjerne i samarbeid med fylkeslag av Sau og Geit.

Regionkonsulenten lager infoskriv til vereringane ved behov. Kontakt med vereringar i nedre del av ringanalyse bør prioriterast, likeeins nystarta vereringar.

## 7 /2012 Kåring/dommaropplæring

Kåringa har fungert greit i området til Region Vest. Det har vore dommarkurs i alle fylker. Det har kome til mange nye kåringstyper, slik at det er nødvendig med kurs for dommarane.

Det er kome klare meldingar på dømning av ull, då særleg på vraking av daudhår i ullfellen. Kan vi få til ei lik vurdering av ull over fylkesgrenser/landsdeler.

Det er store forskjeller mellom fylke når det gjeld godtgjering på dommarsamling/kåringssjå.

Kostnadane med kåring må dekkast inn med kåringsavgift. Kåringsavgift er og ulik mellom fylke.

Godtgjersle til dommar og kåringsavgift var slik i Region Vest i 2011.

	Godtgjersle dommarkurs	Godtgjersle kåring	Kåringsavgift
Vest-Agder	kr. 800	kr. 800	kr. 75
Rogaland	kr. 1500	kr. 1500	kr. 130
Hordaland	kr. 0	kr. 1000	kr. 100
Sogn og Fjordane	kr. 0	kr. 600	kr. 120

Alle fylke dekker reiseutgifter til dommarane. Det er reiseutgifter, antall/størrelse på kåringssjå og antall dommar/pr. sjå som er hovedårsak til ulike kostnader med kåringa.

Vedtak: Regiontvalget meiner avlsutvalget i kvart fylke kan fastsetja dommargodtgjersle og kåringsavgift.

Det er viktig med rekrutering av nye kåringsdommarar, regionutvalget tilrår 67 år som aldersgrense for dommarar for å stimulere til dette.

Regionutvalget vil fremja sak til Avlsrådet om kåring/dommaropplæring:

1. Felles forståelse av dømning og regelverk for kåring, viktig for lik vurdering av kåringslam.
2. I forkant av kåringsssesong møte/kurs for alle kåringsansvarlege i region/landet, der målet må vera at alle skal ha lik forståelse av regelverk.

## 8 /2012 Seminsesongen 2011.

### Sædsalget for væresæd 2011

Salget er på vel 32 000 sæddoser, en økning på 4% fra 2010.

Sædtype	2010		2011		Differanse	
Frossensæd	24 868	80 %	27 470	86 %	2 602	10 %
Fersksæd Staur	4 048	13 %	2 313	7 %	1 735	- 43 %
Fersksæd Særheim	1 979	6 %	2 283	7 %	304	15 %
<b>Sum</b>	<b>30 895</b>	<b>100 %</b>	<b>32 066</b>	<b>100 %</b>	<b>1 171</b>	<b>4 %</b>

Det er siste år seldt vel 32000 sæddoser av sau, der frossensæd står for 86% av salget. Dette er og den metoden som gir best mulighet til god avlsplanlegging.

Det er viktig at alle som bestiller frossensæd får tildelt semindoser etter toppverene, då må desse verene prioriterast til frossensæd i starten av seminsesongen.

Etter at semindunkane er utsende, er det aktuelt for vereringar å bestilla fersksæd frå toppverene.

Vedtak:

Regionutvalget ser frossensæd som den beste måten å få fordelt dei beste verene utover til alle vereringane. Det bør ikkje seljast fersksæd frå dei mest etterspurde verene før alle som ynskjer denne som frossensæd har fått veren i semindunken.

## 9 /2012 Smittebeskyttelse i vereringar

NSG får innspel på at vereringsreglane ikkje blir følgd i fleire vereringar når det gjeld inntak av dyr frå flokkar utanom vereringen. Det er styre i vereringane som må sjå til at desse reglane blir følgde, då det er dei som har lokalkunnskapen. Regionkonsulent kan vera til hjelp i dette arbeidet med å sjekke i Sauekontrollen, dette er eit arbeid som tek tid.

Det er vanleg at villsau/utegangarsau ikkje er med i Sauekontroll, det same kan gjelde andre smårasar. Då er det berre lokalkunnskap til styre i vereringen som kan kontrollera dette.

Det vil vera til hjelp for styre i vereringen om det på lister over verebruk i ringen kom opp verer frå alle raser, ikkje berre verene i den rase ringen gransker. Då vil ein NKS-ring kunna

sjå om ein medlem hadde lam i sauekontrollen etter ein spælver. Dette ville letta kontrollen for styre i vereringen

Etter oppgave frå avlsledelsen har regionkonsulent teke stikkprøver hos medlemmer i eit utvalg av vereringar. Dette arbeidet viste at det er medlemmer i vereringar som har dyr i buskapen som er teke inn frå flokk utanon vereringen .

Regionutvalg/Avlsrådet må diskutera korleis brudd på regelverket skal handsamast. Streng praktisering av regelverket kan føra til avskalling av vereringsmedlemmer, dette er kanskje nødvendig.

Mattilsynet har i det siste året godkjent nye medlemmer i vereringar og gitt løyve til oppstart av nye ringar. Det er ikkje gode signal dersom regelverk for vereringar ikkje blir handheva av vereringane.

### Vedtak:

Regionutvalget tek den framlagte informasjonen om brudd på smittevernreglane i flere av ringane til orientering. Utvalget ser svært alvorlig på det som er avdekka. Regelverket har vært heilt klart i mange år, både Mattilsynets bekjempelsesforskrift og NSGs væreringsreglar.

1. Regionutvalget forventer at styret i væreringene følger opp smittevernreglane.
2. Regionkonsulenten anmodes om å intensivere kontrollen med at regelverket blir følgd.
3. Utvalget vil foreslå for Avlsrådet at brudd på smittevernreglane fra hausten 2012 og framover skal få økonomiske konsekvenser for ringen i form av trekk i granskingstilskott.
4. Ringreglane må gje ringen mulighet for å søke regress hos det enkelte medlem for ringens økonomisk tap som skyldes enkeltmedlemmers brudd på reglane.

### 10/2012 Andre saker.

Det var ikkje teke opp saker her.

Løland 10. februar 2012

Kjell Steinar Løland